



## FRIVILLIGSENTRALEN I LINDÅS ÅRSRAPPORT 2014

Frivilligsentralen har grunna flytting til Nordhordlandshallen i mars 2014, hatt noko reduksjon i tilbodet. Det har tatt tid å kome inn i ein annan driftsform i nye lokalar og mykje av året 2014 bar preg av flyttinga og installeringa av Frivilligsentralen. I Nordhordlandshallen var det frå før av, mange stengde dører, og Frivilligsentralen har brukt tid på å få tilgang til nøkkelsystem, kalendersystem og å lage prosedyrar som gjer at den mykje brukte Nordhordlandshallen kan verte meir open og publikumsvenleg. Trivselstiltaka og tilrettelegginga i kantine, kjøkken, foaje og møterom har vore godt mottekte av brukarane.

Frivilligsentralen har gjennom 2014 halde i gang eigne aktivitetar og har «tatt over» og vidareutvikla mange gjeremål i Nordhordlandshallen.

Målet er at aktivitetar i hovudsak skal drivast av lag og organisasjonar og frivillige, og at Frivilligsentralen kjem inn med støtte ved behov og samarbeider med å vidareutvikla aktivitetane.

- Frivilligsentralen har pr 31. des 2014 to tilsette i 50% stilling kvar. Gro Sundal har eit vikariat for Per Ole Ekker medan han er tilsett som idrettskonsulent fram til sommaren 2015.
- I tillegg har sentralen ein person på fast tiltak 10 timer pr veke.
- Frivilligsentralen har kontorlass for 50% idrettskonsulent.

### Litt om samarbeid, nokre tiltak og prosjekt i Frivilligsentralen.

#### • **Eining for kultur og aktivitet**

Frivilligsentralen er ei teneste i eining for Kultur og aktivitet og har saman med Kulturskule, Bibliotek og kulturkontor eit godt samarbeid. «Kulturteamet» koordinerer og legg til rette for utadretta aktivitet i kommunen.

#### • **Senior- og aktivitetssentra**

Senior- og aktivitetssentra i kommunen er ein god møteplass for aktivitetar i Frivilligsentralen. Vi samarbeider godt med Aud Furdal og andre innan eining for helse.

#### • **TV-aksjonen 2014**

I 2014 gjekk innsamlinga til Kirkens Nødhjelp og ny innsamlingsrekord for TV aksjonen til Lindås kommune blei satt. Det kom inn kr 442 481 i bøssene. Dei frivillige lag og organisasjonar, og einskilde som stiller opp, gjer slike resultat mogleg. Det er dei som er



berebjelken – Frivilligsentralen koordinerer. Men det skal seiast at det ikkje er eit lett apparat å administrere. Det er rundt 200 bøsser som skal ut i heile kommunen og eit titals møteplassar skal organiserast.

- **MOT - prosjektet**

Frivilligsentralen har vore koordinator for arbeidet med MOT i kommunen til utpå hausten 2014. I dialog med assisterande rådmann kom ein fram til at prosjektet hadde kome inn i ein rein driftsfase kor Frivilligsentralen ikkje blei den rette og beste administrasjon av tiltaket. Det var difor riktig at Frivilligsentralen avslutta prosjektfasen og det blei ansatt ein MOT-koordinator. Frivilligsentralen retter ein stor takk til ordførar og det politiske miljø, og rådmann med administrasjon som gav tillit til Frivilligsentralen i arbeidet som starta 5 mai 2009.

- **Lindås Idrettsråd**

Frivilligsentralen har vore ein god støtte og tilretteleggar for Lindås Idrettsråd. Medlemslaga i Idrettsrådet har 4006 medlemmar tilsaman og utgjer ein viktig portal for dialog med det frivillige idrettsfeltet. Det er mange instansar som nytter Frivilligsentralen sitt nettverk innan idretten til å vidareformidle relevant informasjon til idrett og friluftsliv.

- **Nettverkssamarbeid i Frivilligsentralane**

Frivilligsentralane i Nordhordland har god kontakt og fleire samarbeidstemaer. I somme tilfelle har Frivilligsentralar prosjekt og tiltak som sjølvsgart er opne for deltakarar frå andre kommunar, som til dømes seniorreiser, dataklubb, besöksteneste, tur-ven, følgeteneste, praktisk arbeid m.m. Frivilligsentralane i Nordhordland planlegg i fellesskap eit arrangement i Nordhordlandshallen mai 2015, som har flyktningar og andre som målgruppe.

- **Senioruniversitetet**

Frivilligsentralen og Senioruniversitetet har sidan starten av Senioruniversitetet i 2008 hatt eit godt samarbeid. Den gjensidige utvekslinga av informasjon er viktig for begge partar, og har vore med på å styrke fleire aktivitetar i kommunen for denne målgruppa.

- **Utdeling av Frivilligpris 2014**

Frivilligsentralen nyttar eit stort arrangement i Knarvik i juni som arena for utdeling av den lokale Frivilligprisen 2014. Prisen blei delt ut av Ordførar og gjekk til Marit Eidsheim frå Ostereidet for sitt engasjement innan mange frivillige arenaer i mange år.

- **Dataklubban og datakurs**

Det er utfordringar i mediesamfunnet i dag når ein frå fleire hald ikkje når ut med tilbod på lik linje til alle i samfunnet. Dette blir spesielt synleg når staten har eit mål som heiter «Digital deltaking 2017.» Målet er at alle innbyggjarar skal beherske nettet – ikkje minst når det gjeld offentlege tenestar. Da må alle sikrast eit minimum av digital kompetanse. Det offentlege vil få aukande utfordringar med å kommunisere med innbyggjarane digitalt i tida framover.

Frivilligsentralen får særskilt gode tilbakemeldingar på datakurs og dataklubb for seniorar. Desse tiltaka har veldig god støtte i frivillige knytt til denne aktiviteten. Klubban er medlem i Seniornett Norge og Gro Sundal er koordinator for klubbar og kurs.

- **Kulturråd**

Arbeidsgruppa for å få oppretta eit kulturråd i kommunen har hatt møter gjennom heile 2014. Det har vore jobba aktivt med vedtektsforslag og gruppa har vore på studietur til Nes Kulturråd på Østlandet. Gro Sundal i Frivilligsentralen har vore prosjektleiar og har hatt med seg eit interimstyre beståande av Johannes Rydland, Rune Brundtland og Hilde Alvær Hagesæter. Alt ligg til rette for at stiftingsmøte blir halden i april månad 2015.



## Styret i Frivilligsentralen

- Styret har hatt 4 møter i 2014 og har behandla 21 saker.

## Styremedlemer 2014

1 rep. valt av rådmannen	:	Per Ole Ekker
1 " formannskap	:	Odin Kristiansen
1 " eldre rådet	:	Kåre Bastesen
vara	:	etter ønske
1 " Kløvheim skulekorps	:	Marielle Bjørnevoll
vara	:	etter ønske
1 " Hindenes og Aasgard Grendalag	:	Bente H. Myklebust - leiar
Vara	:	etter ønske

«meir enn du gav, fekk du att»  
Halldis Moren Vesaas

## Frivilligsentralen i Lindås

---

Odin Kristiansen  
sign

---

Marielle Bjørnevoll  
sign

---

Gro Sundal/Per Ole Ekker  
sign

---

Bente Myklebust  
Leiar  
sign

---

Kåre Bastesen  
sign

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM